Rammeavtale

Graving, massetransport og trefelling

Inngått mellom:

[Skriv her]
(heretter kalla Leverandøren)

og

Volda kommune
(heretter kalla Kunden)

Stad og dato:

[Skriv stad og dato her]

Avtalen trer i kraft: [Skriv her]

Volda kommune	[Namnet på Leverandøren her]
_____	_____
Underskrifta til Kunden	Underskrifta til Leverandøren

Arkivreferanse: 26/1978

Volda kommune

Innhaldsliste

1. Alminnelege vilkår ... 3
   1.1. Føremål og omfang ... 3
   1.2. Vedlegg til avtalen ... 3
   1.3. Motstrid ... 3
   1.4. Varigheit og oppseiing – opsjon på forlenging ... 3
   1.5. Partane sine representantar ... 4
2. Tildeling av kontraktar på rammeavtalen ... 4
   2.1. Tildeling av kontraktar (prosedyre for avrop) ... 4
3. Leverandøren sine plikter ... 4
   3.1. Utføring av arbeid ... 4
   3.2. Plikt til å svare på førespurnader ... 5
4. Kunden sine plikter ... 5
   4.1. Kunden sitt ansvar og medverknad ... 5
5. Plikter som gjeld Kunde og Leverandør ... 5
   5.1. Samarbeid ... 5
   5.2. Teieplikt ... 5
6. Gravemelding ... 5
7. Arbeidstid ... 5
8. Bytte av personell og/eller anleggsmaskin ... 6
9. Utsetting ... 6
10. Møte ... 6
11. Risiko og ansvar for kommunikasjon og dokumentasjon ... 6
12. Vederlag og betalingsvilkår ... 6
13. Misleghald ... 6
14. Forsikringar ... 6
15. Force Majeure ... 6
16. Tvistar ... 7

1. Alminnelege vilkår

1.1.Føremål og omfang

Rammeavtalen gjeld kjøp av graving, massetransport og trefelling, nærmare skildra i Vedlegg 1 – 6.

Kunden er ikkje forplikta til å kjøpe noka bestemt mengd varer eller tenester i rammeavtaleperioden.

1.2. Vedlegg til avtalen

Alle rubrikkar skal vere kryssa av (ja eller nei)	Ja	Nei
Vedlegg 1: Overordna beskriving av rammeavtalens gjenstand, og oversikt over oppdragsgjevarar som kan tildele kontrakt under rammeavtalen	X	
Vedlegg 2: Prosedyrar for tildeling av kontraktar på rammeavtalen	X	
Vedlegg 3: Administrative vilkår	X	
Vedlegg 4: Samla pris og prisvilkår - Bilag 1 «*Prisskjema*»	X	
Vedlegg 5: Kravspesifikasjon	X	
Vedlegg 6: Seriøsitetskrav	X	
Vedlegg 7: Mal for endringar	X	
Vedlegg 8: Avropsskjema direkte avrop	X	
Vedlegg 9: Avropsskjema minikonkurranse	X	

1.3. Motstrid

Ved motstrid skal følgjande tolkingsprinsipp leggjast til grunn:

1. Rammeavtalens generelle avtaletekst går framfor vedlegga.
2. Vedlegg 5 går framfor dei andre vedlegga
3. Leverandørens svar på Vedlegg 5 går framfor Kundens stilte krav
4. Vedlegg 4 går framfor alle vedlegga kva angår pris

1.4.Varigheit og oppseiing – opsjon på forlenging

Rammeavtalen har ei varigheit på 2 år, med opsjon på forlenging i ytterlegare 1+1 år, slik at maksimal avtaleperiode kan verte 4 år. Fornying av avtalen vil skje automatisk, med mindre Kunden gir Leverandør varsel om at rammeavtalen ikkje vil fornyast seinast tre månader før fornyingsdatoen.

Kunden har i alle høve ei rett til å seie opp rammeavtalen med tre månaders skriftleg varsel.

1.5. Partane sine representantar

Kvar av partane skal ved inngåinga av rammeavtalen nemne opp ein representant som er gitt fullmakt til å opptre på vegner av partane i saker som gjeld rammeavtalen. Representant som har fått fullmakt for partane, og prosedyrar og varslingsfristar for eventuell utskifting av desse, er spesifisert nærare i Bilag 4.

2. Tildeling av kontraktar på rammeavtalen

2.1. Tildeling av kontraktar (prosedyre for avrop)

Tildeling av kontraktar på rammeavtalen (avrop) skal gjerast i samsvar med prosedyrane fastsett i Vedlegg 2. Kunden vil gjennomføre både direkteavrop og minikonkurransar.

3. Leverandøren sine plikter

3.1. Utføring av arbeid

Leverandøren skal gjennomføre tenestene profesjonelt, effektivt, med høg fagleg standard og i tråd med Rammeavtalen og avropsavtalen elles.

Leverandøren skal lojalt samarbeide med Kunden, og ivareta Kundens interesser. Når Leverandøren utfører arbeid for Kunden, skal Leverandøren ivareta omsyn til publikum og grunneigar på ein god måte. Eventuelle spørsmål Leverandøren mottek skal svarast høfleg, og vidareformidlast til Kunden.

Leverandøren og hans personell pliktar å gjere seg kjent med dei ein kvar tid gjeldande reglar og normer som gjeld i Volda kommune, og spesielt for objekt oppdraget gjeld, før arbeid med oppdraget startar. Kunden vil formidle normer og reglar til Leverandør før oppdrag startar.

Vidare skal Leverandøren utføre tenestene i samsvar med dei ein kvar tid gjeldande lover og forskrifter. Leverandør skal innhente og oppretthalde alle nødvendige tillatingar i samband med utføringa av tenesta, og skal på Kundens førespurnad leggje fram dokumentasjon på at nødvendige tillatingar føreligg. Ved større oppdrag der byggeløyve og liknande er naudsynt, kan Kunden pålegge Leverandør å vere ansvarleg for å søkje om og administrere alle løyver.

Leverandør er ansvarleg for at fagpersonell som utførar teneste for Kunden har offentlege godkjenningar, fagbrev, sertifiseringar og liknande som er nødvendig for å utføre tenesta.

Leverandør skal sørge for at alt av fagpersonell innehar gyldige arbeidstillatingar, og at lovbestemte krav til arbeidstid og overtid etterlevast.

Leverandør er ansvarleg for at fagpersonell til ei kvar tid har og brukar påkravd verne- og sikkerheitsutstyr, samt utstyr som førebygg utilsikta utslepp til luft, jord og vatn.

Leverandør er ansvarleg for sikring og merking av anleggsstaden på ein god måte. Dette skal skje i medhald av gjeldande regelverk for det objektet oppdraget omfattar.

Leverandøren skal utvise ryddigheit og orden på anleggsstaden. Anleggsstaden skal så langt som mogleg vere ryddig og sikra på slutten av arbeidsdagen, slik at det ikkje oppstår unødig ulempe for trafikk og forbipasserande/grunneigarar.

Leverandør skal utan ugrunna opphald varsle om forhald som han forstår eller bør forstå kan få innverknad på gjennomføringa av arbeidet, medrekna eventuelle forventa forseinkingar.

Ved arbeid på skular eller barnehagar skal Leverandøren på Kundens førespurnad levere politiattest for Leverandørens personell.

Elles skal Leverandør gjennomføre tenesta i tråd med føringane Vedlegg 5 «*Kravspesifikasjon*».

3.2. Plikt til å svare på førespurnader

Leverandøren pliktar å svare på Kunden sine førespurnader så raskt som mogleg. Sjå Vedlegg 2 for fristar knytt til Leverandørens svar på Kundens avropsførespurnader.

4. Kunden sine plikter

4.1. Kunden sitt ansvar og medverknad

Kunden skal lojalt medverke til gjennomføring av arbeid.

Førespurnader frå Leverandør skal svarast på utan ugrunna opphald.

Kunden skal utan ugrunna opphald varsle om forhold som Kunden forstår eller bør forstå kan få innverknad på gjennomføringa av arbeid, medrekna eventuelle forventa forseinkingar.

5. Plikter som gjeld Kunde og Leverandør

5.1.Samarbeid

Partane skal lojalt samarbeide og medverke til gjennomføring av Rammeavtalen.

Partane skal utan ugrunna opphald varsle kvarandre om forhold dei forstår eller bør forstå kan verke inn på gjennomføringa av rammeavtalen.

5.2.Teieplikt

Informasjon som partane vert kjende med i samband med rammeavtalen og utføringa av tenesta, skal behandlast konfidensielt og ikkje gjerast tilgjengeleg for utanforståande utan samtykke frå den andre parten.

Teieplikta gjeld også etter at rammeavtalen er avslutta. Tilsette eller andre som fråtrer tenesta si hos ein av partane, skal påleggast teieplikt også etter fråtredinga om forhold som nemnt ovanfor.

Teieplikt er elles regulert i den enkelte tildelingsavtalen og i relevant lov eller forskrift.

6. Gravemelding

Leverandøren er ansvarleg for gravemelding, arbeidsvarsling og kabelpåvising, såframt ikkje anna går fram av avropskjema/avtale.

7. Arbeidstid

Oppdrag skal i størst mogleg grad utførast mellom klokka 08.00 og 16.00 måndag til fredag. Arbeid utanfor normal arbeidstid skal avtalast skriftleg med Kunden.

Ved arbeid ved skule og barnehage skal partane verte einige om arbeidstid saman med ansvarleg hjå skulen/barnehagen. Det skal ikkje under nokon omstende køyrast anleggsmaskin inn på område der barn/elevar oppheld seg på dagtid, utan at dette er avklart med Kunden og ansvarleg hjå skulen/barnehagen.

8. Bytte av personell og/eller anleggsmaskin

Både Leverandør og Kunde kan sende førespurnad til den andre part om å bytte ut personell i ein laupande avropsavtale. Bytte kan ikkje finne stad utan skriftleg godkjenning frå den andre part. Godkjenning skal alltid gis dersom det føreligg sakleg grunn.

Kunden kan krevje utskifting av anleggsmaskin dersom innleigde maskiner viser seg å ikkje vere eigna til jobben.

9. Utsetting

Kunden kan ved skriftleg varsel utsette heile eller deler av oppdraget. Etter eit slikt varsel skal Leverandør utan ugrunna opphald beskrive kva verknader utsetting kan få for utføring av oppdraget. Leverandøren skal fortsette oppdraget straks Kunden varslar om dette.

I utsettingsperioda kan Leverandør berre krevje å få dekt dokumenterte og nødvendige kostnader i forbindelse med demobilisering og mobilisering av personell og maskiner.

10. Møte

Dersom ein part finn det nødvendig, kan parten med minst 3 (tre) verkedagars varsel innkalle til møte med den andre parten for å drøfte forhald knytt til avropsavtalen og måten tenesta vert gjennomført på.

11. Risiko og ansvar for kommunikasjon og dokumentasjon

Begge partar skal sørge for forsvarleg kommunikasjon, oppbevaring og sikkerheitskopiering av dokument og anna materiale som har noko å seie for oppdraget uansett form, medrekna e-post og anna elektronisk lagra materiale.

12. Vederlag og betalingsvilkår

Alle prisar og nærare betalingsvilkår er nedfelt i Vedlegg 4, eller av den enkelte avropsavtalen med vedlegg.

13. Misleghald

Eventuelt misleghald av rammeavtalen vert handtert i samsvar med alminnelege kontraktsrettslege prinsipp.

Erstatning for indirekte tap kan ikkje krevjast. Indirekte tap omfattar, men er ikkje avgrensa til, tapt forteneste av alle artar, tapte innsparingar, tap av data og krav frå tredjepartar.

14. Forsikringar

Kunden pliktar å ha forsikringar som er tilstrekkelege til å dekke dei krava frå Leverandøren som følgjer av Kunden sin risiko eller ansvar etter denne avtalen, innanfor ramma av alminnelege forsikringsvilkår.

Leverandøren pliktar å ha forsikringar som er tilstrekkelege til å dekkje dei krava frå Kunden som følger av Leverandøren sin risiko eller ansvar etter denne avtalen, innanfor ramma av alminnelege forsikringsvilkår. Denne forpliktinga vert rekna som oppfylt dersom Leverandøren teiknar ansvars- og risikoforsikring på vilkår som er rekna som ordinære innanfor norsk forsikringsverksemd.

15. Force Majeure

Skulle det inntreffe ein ekstraordinær situasjon som ligg utanfor partane sin kontroll som gjer det urråd å oppfylle plikter etter denne avtalen og som etter norsk rett må reknast som force majeure,

skal motparten varslast om dette så raskt som mogleg. Forpliktingane til den ramma parten vert suspenderte så lenge den ekstraordinære situasjonen varer. Motytinga frå den andre parten vert suspendert i same tidsrom.

Motparten kan i force majeure-situasjonar berre heve avtalen med samtykke frå den ramma parten, eller dersom situasjonen varer eller er venta å ville vare lenger enn 90 (nitti) kalenderdagar rekna frå det tidspunktet situasjonen inntreff, og då berre med 15 (femten) kalenderdagars varsel.

16. Tvistar

Partane sine rettar og plikter etter denne rammeavtalen vert i heilskap fastsette av norsk rett.

Dersom det oppstår tvist mellom partane om tolkinga eller rettsverknadene av rammeavtalen, skal tvisten først søkast løyst ved forhandlingar mellom partane.

Dersom ein tvist i tilknyting til rammeavtalen ikkje vert løyst etter forhandlingar, kan partane forsøke å løyse tvisten ved mekling.

Partane kan velje å legge Den Norske Advokatforening sine reglar for mekling ved advokat til grunn, eventuelt modifisert slik partane ønsker. Det er føresett at partane vert samde om ein meklar med den kompetansen partane meiner passar best ut frå tvisten.

Den nærare framgangsmåten for mekling vert fastsett av meklaren, i samråd med partane.

Dersom ein tvist ikkje vert løyst ved forhandlingar eller mekling, kan kvar av partane forlange tvisten avgjort med endeleg verknad ved norske domstolar.

Kunden sitt heimting er verneting.

Partane kan alternativt avtale at tvisten vert avgjort med endeleg verknad ved skilsdom.